

## VER OG VEKST I 1921—22.

AV MYRKONSULENT HAGERUP

I tabell 1 er oppført nedbøren for aara 1921 og 22 og tabel 2 antal frostnetter i veksttida mai—sept.

*Sumaren 1921* var uvanleg raa og kald. April md. og fyrste halvpart av mai var det varmt og normalt med nedbør, men seinare vart det ganske unormalt.

Tabel 1.

### Nedbør 1921—22:

1921: etter maalinga paa Levanger, og utrekna nedbør Steinkjer.

1922: etter maalinga paa Mæresmyra.

Maanad	1921					1922		
	Levanger		Steinkjer utrekna etter Levanger			Maalingar paa Mæresmyra		
	1921 mm.	Normal ned- bør mm.	1921 mm.	Normal ned- bør mm.	1921. meire enn normalt mm.	1922 mm.	Normal nedbør mm. Steinkjer	Forskjel mm. ÷
Januar . . . . .	—	—	—	—	—	26,8	77,—	÷ 50,2
Februar . . . . .	—	—	—	—	—	41,8	64,—	÷ 22,2
Mars . . . . .	—	—	—	—	—	43,3	48,—	÷ 4,7
April . . . . .	—	—	—	—	—	26,1	35,—	÷ 8,9
Mai . . . . .	120,0	38,—	120,0	38,—	+ 82,0	81,2	38,—	+ 43,2
Juni . . . . .	107,7	48,—	96,5	43,—	+ 53,5	78,4	43,—	+ 35,4
Juli . . . . .	117,3	74,—	96,7	61,—	+ 35,7	35,4	61,—	÷ 25,6
August . . . . .	115,7	83,—	108,8	78,—	+ 30,8	69,5	78,—	÷ 8,5
September . . . . .	113,8	74,—	119,5	78,—	+ 41,5	79,5	78,—	+ 1,5
Oktober . . . . .	—	—	—	—	—	99,4	78,—	+ 21,4
November . . . . .	—	—	—	—	—	92,2	76,—	+ 16,2
December . . . . .	—	—	—	—	—	64,9	64,—	+ 0,9
Heile aaret . . . . .	—	720	—	740	—	738,5	740,—	÷ 1,5
Mai—september . . . . .	574,5	317	541,5	298	+ 243,5	344,0	298,0	+ 46,0
Mai—juli . . . . .	345,0	160	313,2	142	+ 171,2	195,0	142,0	+ 53,0

Som tabel 1 viser er der uppført nedbøren etter maalingar paa Levanger. Denne maalestasjon ligg ca. 30 km. fraa Mæresmyra. Stasjonen ved Steinkjer, som ligg ca. 10 km. herifraa er nedlagt, men nedbøren for Steinkjer er i tabellen utrekna etter nedbøren paa Levanger. Fraa 1. dec. 1921 har Forsøksstasjonen gaatt igang med eigne nedbørsmaalingar.

Nedbøren i vekstmaanaderne mai—september var 541,5 mm., normal nedbør i same tid er 298 mm; dette vert 243,5 mm. over det normale. Kvar maanad har det vore over normalt med nedbør, og høgst kjem mai md. med ialt 82 mm. meire enn normalt. Det skal merkast at det var i siste halvdel av mai at den største nedbør var.

Tabel 2 viser antal frostneter mai—september, og i denne tid har det vore ialt 15 frostneter, det mindste antal sidan Forsøksstasjonen tok til med arbeidet her. Av dette antal fell 8 paa mai md. og 6 paa september. Temperaturen var i mai ikkje lægre enn  $\div 2^{\circ}$  C. og i sept. var den laagste temp.  $\div 4^{\circ}$  C. den 2ode.

Maksimumstemperaturen har vore laag heile sumaren igjennom.

Antal dagar med  
over  $20^{\circ}$  C.

Mai md. . . .	3	
Juni » . . .	1	
Juli » . . .	7	Høgste obs. max. den 17. juli $26^{\circ}$ C.
August md. . .	6	
September . .	1	

Grunnen til den laage temperatur heile sumaren var nok den store nedbør.

Vaaren kom tidleg og vaararbeidet tok til kring 15. april. Den 30. april vart telen maala paa saatidsfelta og paa nybrote myr.

Saatidsfeltet  $\frac{30}{4}$  — 2 cm. tjukk tæle 25 cm. ned paa tælelaget.  
Nybrote myr  $\frac{30}{4}$  — 4—5 » —»— 20 » —»—

Delvis var telen burte baade paa saatidsfelt og nybrote myr. Ved 3dje saatid den 10. mai var telen heilt burte. Havre vart saadd 25. april og bygg 26. For saatidsforsøka med korn vart anlagt 4 saatider, den 1ste saatid 20. april, med 10 dagars millomrom. Gulrot vart saadd 7. mai, nepor og kaalrabi 18. mai og hovudkaalen vart utplanta 21. mai.

Vaararbeidet vart utført under dei beste vêrtilhøve. Med den rikelege nedbør i mai stod veksten glimrande og alt tydde paa at det skulde bli eit gildt aar. Hovudkaalen vart utsett for angrep av myhanklarvor (stankelbein) straks etter utplantinga, so mest heile feltet maatte plantast um att.

Slaatonna tok til den 29. juni. Paa grunn av den uavladelege nedbør var det vandt aa faa utført forsøksarbeidet slik som det skulde gjerast. Det regna so tidt at det var mest uraad aa faa hausta felta

Tabel 2.

Frostnetter paa Mæresmyra 1921—1922.

1921				1922				
Dato	Temperatur C°		Merknad	Dato	Temperatur C°		Merknad	
	Min.	Max.			Min.	Max.		
Mai	1	÷ 1,0	8,0	Snø	Mai	1	÷ 4,0	14,0
	2	0,0	—		3	÷ 1,0	13,0	
	3	0,0	6,0	Snø	6	÷ 3,0	16,0	
	4	0,0	9,0		7	0,0	11,0	
	12	÷ 1,5	17,0	10	÷ 4,0	9,0		
	20	÷ 1,0	20,0	14	÷ 2,0	9,5		
	24	÷ 2,0	13,0	17	÷ 4,5	15,5		
	26	0,0	22,0	24	÷ 1,5	19,5		
			Høgste ops.max.					
Ialt frostnetter	8			Ialt frostnetter	8			
Juni ingen frostn.				Juni	3	÷ 3,5	17,0	
Juli ingen frostn.					9	0,0	15,0	
August	27	÷ 1,0	14,5		16	0,0	11,0	
Ialt frostnetter	1				23	÷ 0,5	16,0	
September	2	÷ 1,5	13,5		24	÷ 1,0	15,0	
	15	÷ 2,0	11,5		25	÷ 1,0	18,5	
	16	÷ 3,0	14,0		28	0,0	20,0	
	18	÷ 3,0	—	Ialt frostnetter	7			
	20	÷ 4,0	10,0	Juli ingen frostn.				
	30	0,0	—	August	10	÷ 1,0	17,0	
Ialt frostnetter	6			Ialt frostnetter	1			
Mai—september ialt 15 frostnetter.				September	9	÷ 3,0	13,0	
					10	÷ 4,0	11,5	
					19	÷ 2,5	10,0	
					20	÷ 1,5	9,0	
					21	0,0	9,0	
					22	0,0	8,0	
					24	0,0	9,0	
					25	÷ 5,0	9,0	
					26	÷ 3,0	9,0	
					27	÷ 5,5	7,0	
					28	÷ 2,0	9,0	
					29	÷ 3,0	12,0	
					30	÷ 6,0	10,0	
				Ialt frostnetter	13			
Mai—september ialt 29 frostnetter.								

i heilt doggfri stand. Innberginga av høyet var mindre god, men avlinga vart ca. 25 % over medels.

Skuren tok til 1. sept. Bygget (asplund) var daa bra moge. Den 27. august var ei frostnat paa  $\div 1^{\circ}$  C og den 2. sept.  $\div 1,5^{\circ}$  C. Ca. halvparten av byggavlinga vart innkøyrte fyrr 20. sept. men etter den tid vart so daarleg korntørk at resten vart staaende ute til midten av november. Daa vart det innkøyrte paa sledefore og treska straks. Det bygg som vart innkøyrte fyrr 20. sept. viste ein spirepct. av 86 og eit vatninnhald av 21 %, medan det som stod ute til midt i november 42 % spireevne og 26,8 % vatn. Som ein kan vente vart kornavlinga adskillig under medels.

Rotfruktarne — nepe, kaalrabi og gulrot vart upptekne kring midten av oktober og det siste av hovudkaalen den 27. okt.

Avlingarne vart smaa. Best stod *østersundom* av nepa med 5600 kg., av kaalrabi *trondheims* med 3300 kg., av gulrøter *chantenay* med 2400 kg. pr. maal. Kaalrabien var sterkt angrepe av kaalflugelarva.

Hovudkaalen vaks mest upp i blad so avlinga av fast kaal vart liten. *Kjøbenhavner torv* gav 1000 kg. fast kaal, *trønder* 890 kg. pr. maal. Alle rotfrukter var sterkt utsett for stokklauping, mest utsett var enkelte nepesortar. Aarsaken hertil var sikkert den regnfulle og kalde sumar.

#### Sumaren 1922

hadde litt over medels nedbør. Av tabel 1 gaar fram at nedbøren for heile aaret var umlag normalt 738,5 mm. (normalt 740 mm. i Steinkjer). For vekstida mai—sept. var det i alt 46 mm. over medelnedbør (298 mm. i Steinkjer). Størst var nedbøren paa fyresumaren i mai—juni med 43,2 og 35,4 mm. meire enn normal nedbør ved Steinkjer.

Antalet av nedbørdagar var i

Mai . . .	24 dagar
Juni . . .	19 »
Juli . . .	15 »
August . .	20 »
September .	15 »

Sum 93 dagar

I tabel 2 er oppført antal frostneter i mai—september. Mai med 8 frostneter og den laagste temp. var den 17de mai med  $\div 4,5^{\circ}$  C.

Juni hadde 7 frostneter, den laagste temp. den 3dje med  $\div 3,5^{\circ}$  C. Juli hadde inga frostnat, august 1 og sept md. heile 13. Ialt har det vore 29 frostneter i mai—september.

Tabel 3.

Oversigt over temperaturmaalingar, medeltemperatur og varmesum paa Mæresmyra 1922.

Maanad	Medel av maalingar:				Maanadens medeltemperatur	Maanadens varmesum	Laagste iagttat		Høgste iagttat		Medel av max. maalingar.
	Kl. 8 f.m.	Kl. 2 e.m.	Kl. 8 e.m.	Min.			Min.	Dato	Max.	Dato	
mai . . . . .	8,3	10,8	7,3	2,4	<b>7,21</b>	<b>223</b>	÷ 4,5	17	19,5	24	12,7
ni . . . . .	11,9	14,3	10,9	3,8	<b>10,22</b>	<b>307</b>	÷ 3,5	3	25,0	11	16,3
li . . . . .	15,5	17,8	15,2	8,9	<b>14,34</b>	<b>445</b>	+ 1,0	9	25,0	13	19,9
august . . . . .	12,9	16,5	12,2	6,1	<b>11,90</b>	<b>369</b>	÷ 1,0	10	25,0	31	18,4
september . . . . .	7,7	11,8	6,6	2,7	<b>7,21</b>	<b>216</b>	÷ 6,0	30	24,0	1	13,2
oktober . . . . .	1,1	4,6	2,0	÷ 1,4	<b>1,58</b>	<b>49</b>	÷ 16,0	27	11,5	2	5,1
Medel, mai—okt. . . . .	9,54	12,63	9,03	3,78	8,75	1609	—	—	—	—	14,3
Medel, mai—sept. veksttiden	11,25	14,25	10,45	4,80	<b>10,18</b>	<b>1560</b>	—	—	—	—	16,1

I tabel 3 er gjeve eit oversyn over medeltemperatur og varmesum paa Mæresmyra sumaren 1922. I vekstida mai—sept. har varmesummen vore 1560; høgste maanadssum i juli med 445, august med 369. Mai maanad var gjenomgaaande kald, so planteveksten stod ganske i stampe, og i særleg grad gjekk dette ut over aakeren.

Vaararbeidet tok til den 20. april. Det var daa godt med tele i myra. Maalingarne viste slikt resultat:

Dato for maaling av telen	Paa saatidsfeltet		Paa udyrka myr		Paa grasvakse myr	
	Avstand ned paa telen	Tele-tjukklike	Avstand ned paa telen	Tele-tjukklike	Avstand ned paa telen	Tele-tjukklike
20. april . . . . .	6 cm.	21 cm.	5 cm.	15 cm.	6 cm.	25 cm.
25. — . . . . .	10 »	17 »	7 »	13 »	10 »	20 »
1. mai . . . . .	14 »	13 »	10 »	8 »	14 »	15 »
10. » . . . . .	16 »	11 »	0 »			
15. » . . . . .	20 »	6 »	0 »			
20. » . . . . .	24 »	0—5 »	0 »			
30. » . . . . .	0 »	0 »	0 »			

Ut anum saatiderne vart havre saadd 2. og bygg 3. mai. Gulrot vart saadd 9. mai, poteter sett den 23. og nepor og kaalrabi saadd den 26. mai. Hovudkaalen vart utplanta 29. mai.

Mai md. var som fyr nemnd kald, serleg gjeld dette fyrste halvdel, og planteveksten vart seinka mykje. Den 3dje juni kom ei frostnat paa  $\div 3,5^{\circ}$  C. som skadde hovudkaalen noko, men han tok seg snart uppatt. Verre var det at ogso dette aar vart eit sterkt angrep av myhanklarvor som øydelagde ein del plantar so umplanting maatte gjerast. Feltet laag paa ompløyd voll.

Slaatonna tok til den 6. juli og vart utført under gode vêrtilhøve. Høyet fekk god innberging og avlingen vart umlag medels.

Skuren tok til 21. august og vart utført under ganske gode vertilhøve. Innberginga av kornet vart ikkje med det beste. Vatsinnhaldet av det bygg som vart seld til staten var 18,5 % (asplundbygg).

Byggavlinga vart under medels (ca. 25 %). Potetorne vart uppteke den 22. sept., gulrot den 2.—3. okt. Nepor og kaalrot den 16. og 17. okt. og hovudkaalen (resten) den 20. okt. Poteter gav god avling, dei andre rotfruktar noko over medels avling.

---

#### NYE MEDLEMMER

##### *Livsvarige.*

Odén, Sven, Professor, Stockholm.

##### *Aarsbetalende.*

Berge, Haavard, Ingeniør, Kristiania.

Foslien, Tor, Krødsherrad.

Glomfjord A/B, Glomfjord.

Sandrib, Søren, Øvrebø.

Østfold Småbruksskole, Haga pr. Mysen.

---